

Referat frå Elevråd 23.09.25

Til stades: Jafet (8A), Frida (8B), Thomas (9A) og William (9B) og Grete

Forfall: 10. Trinn er ute i UTV

Sak 1 Tilbakemelding i fht saker frå sist møte.

- Få vekk reglar på 9. trinn i fht strenge reglar når dei et mat, går på do
Dei sakene som kom frå 9. trinn blir svart av kontaktlærarane på trinnet.
- opplåste dører til garderoben i friminutt, slik at dei kan gå på toalett
Dørene til garderobane er nå opplåste, men om det skjer noko (at elevar oppheld seg inne, hærverk ol) blir dei låste. Dette gjeld trinnvis.
- meir tur
Det er lagt opp til ein felles tur rett etter haustferien
- vekk med kart over skuleområdet
Me treng eit kart over skulegarden slik at alle veit kor grensene går. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dei vaksne ute treng å ha eit oversiktleg område, slik at dei kan fort gripa inn om det skjer noko.
- rom for at dei kan gjera meir lekse på skulen
Gjer du det du skal og jobber godt i timane skal det ikkje vera så mykje lekser.
Nokre faste lekser må ein ha, samt at det er mogeleg å gå på leksehjelp 2.
gonger i veka. (måndag og torsdag kl 14.30-15.30) - 9a opplever likevel at dei ikkje får jobba så mykje med det som står på vekeplanen. Grete føl dette opp.
- få lov til å ha tyggis på skulen
Det står i skulereglane for Lye ungdomsskule at ein ikkje har lov til å ha snot/tyggis, så det opnar me ikkje opp for.

Sak 2 Svar på høyringsbrev

Me gjekk igjennom høyringsforskriftene i fht permisjon i skulen og hovudmål for kvar skule. Det var ingen innspel frå Elevrådet.

	Lye ungdomsskule sine innspel
Permisjon frå skulen	Ingen innspel
Hovudmål på kvar skule	Ingen innspel

Sak 3 Invitasjon til fagdag/workshop

Grete informerte om at Time ungdomsråd inviterer til fagdag/workshop på Bryne mølle/Møllekjellaren 4. november. Tema er rusforebygging i Time kommune og det varer heile dagen. Det vil bli servert lunsj. Me vil få meir informasjon etterkvart.

Sak 4. Ungdomssrådet i Time kommune

Grete informere om Time ungdomsråd. Me var inne på kommunen sine sider og leste om ungdomsrådet. Frå januar 2026 skal det velgast nytt råd og Lye ungdomsskule må velgja ein representant og ein vara som kan vera med i Ungdomssrådet. Representantane sit i 2 år og består av representantar frå alle ungdomsskulane i kommunen, ein fri skule og Bryne vgs. Jafet og William melde seg til å vera med. William blir skulen sin representant og Jafet skulen sin vara.

Sak 5 Sosialt årshjul

Grete gjekk igjennom sosialt årshjul. Elevrådsrepresentantane viser det i sine klasser og høyrer om det er noko innspel.

Sak 6. Friminuttsaktiviteter

Elevane er nøgd og positiv til digital spelegruppe. Det var kjekt! Dei forslo sjølv at nokon elevar kan vera TL (trivsels leiar), kor dei har ansvar for å starta opp ein aktivitet i friminuttet.

Sak 7. Saker tilbake til klassane

- * vis sosialt årshjul og be klassen din koma med innspel.
- * høyr om nokon vil vera "TL"
- * er det saker frå klassen til Elevrådet?

Sak 8. Nytt møte

Neste møte blir i veke 42. Elevrådet vil då invitera inn Eva M

Referent

Grete Reppe Håland